

LINDÅS KULTURRÅD

Til
Lindås kommune
Kulturkontoret
v/ Eileen Feste

19. jan 2017

Uttale frå Lindås kulturråd på «Ramme for tildeling av kulturmidlar 2018, framlegg frå rådmannen»

I ei tid med store kommunereformar og omfattande omorganiseringar, er det særst viktig å tenkje på kva som kan samle folk kring gode fellesopplevingar og sunne verdiar. Her har kultur vore drivkraft i århundre. Kutt i kulturmidlar betyr kutt i gode tilbod som folk treng akkurat no, i ein periode kor vi alle søker fellesskap og samhald.

Lindås Kulturråd meiner det er leit at ramma for kulturmidlane reelt sett er kutta. Når tala ikkje er auka i eit år med prisstigning, så er det eit kutt. Lindås kulturråd viser til «Kulturplan 2010-2020» kor det på side 5 står at «**Det er eit mål at 5% av Lindås kommune sine årsbudsjett nyttast på kulturfeltet**». Det står på same side at «Kommunen bør auka ramma for den økonomiske støtteordninga til lag og organisasjonar med 50% frå 2009 nivå».

Framleis meiner Lindås kulturråd at kommunen må prioritere born og ungdom med meir pengar. Lindås kulturråd er klar over at inndelinga i kategoriar ikkje gir eit riktig bilete når det kjem til fordeling innan grupper i samfunnet. Kategorien «born/ungdom» representerer ikkje det reelle som vert avsett til born/ungdom, idet det er mykje born/ungdom med i kategoriane «idrett» og «kunstformidling/musikk». Slik sett burde kategorien «born/ungdom» vore inkorporert i sistnemnte kategoriar. Kategorien «kunstformidling/musikk» bør då endrast til «kulturformidling/musikk». Ein vil føreslå at dette vert gjort noko med før kommunesamanslåinga er eit faktum.

Lindås kulturråd vil stille seg til disposisjon for å samarbeide kring ein meir «matematisk» modell for utrekning av kulturmidlar. Det kjem etter kvart på plass informasjon gjennom mellom anna Frivilligregisteret, som gjer at ein kan leggje eit tal-materiale til grunn for utrekning. Dette vil gje eit betre og meir forutsigbart bilete både for administrasjonen, politikarane og innbyggjarane.

På vegne av styret i Lindås kulturråd

.....
Einar Vatne
Styreleiar

.....
Per Ole Ekker
Sekretær